



Statsforvalteren i Rogaland
Postboks 59 Sentrum
4001 STAVANGER

Deres ref.

Vår ref
23/00412-3

Saksbehandlar
May Britt Jensen
Tlf. 46934768

Vår dato
02.04.2024

Søknad om 5 millionar kroner årleg i omstillingsmidlar fram mot havvindutbygging

Utsira er i sterk omstilling

Gjennom Utsira Nord er me den fyrste vertskommunen for flytande havvind under utvikling innafor og like utanfor kommunegrensene. FoU-aktivitet og besøk knytt til flytande havvind på Utsira har «eksplodert» og øya er allereie ein nasjonalt møteplass mellom næringsliv, akademia og styresmakter innan utvikling og konsekvensar av flytande havvind og rein energi generelt.

Den geografisk nærleiken til feltet gjev lokaliseringsfortrinn

som til dømes:

- *undersøkingar før-under-etter med lange tidsrekker for lokale miljødata som grunnlag*
- *samordna energiomforming i substasjon lokalt på Utsira kan kutte kostnader*
- *felles kabelgater spart arealbeslag og dempar interessekonflikt i sjø*
- *kort transport med spart tid og energi til vedlikehald og beredskap, med bemanna og ubemanna båtar og droner i luft og sjø*

Bidra vidare til vellukka utbygging av Utsira Nord og Vestavind

For å halde tritt med egne og eksterne forventningar, må Utsira no skaffe ekstra personellressursar til eige og innleigd arbeid. Dette er heilt naudsynt for å makte å følgje opp plan- og konsesjonsavklaringar knytt til hamner, trafostasjon, energitilkopling og institusjonar som kan og bør kome til Utsira som del av utbygging av flytande havvind i Noreg.

Naturleg energigøy

Å ta i bruk Utsira øy som lokasjon for nettstasjon, operasjons- og vedlikehaldsbase, beredskap- og kontrollfunksjonar og ikkje minst miljøoppfølging/følgjeforskning, vil få stor betydning for det nasjonale pilotprosjektet på flytande havvind. *Det vil gje innsparingar, sparte subsidiar og betre inntening på sikt, og også betre ivaretaking av omdømme, tryggleik og ytre miljø.*

Stor lokal innsats så langt

Utsira kommune har i 4 år brukt store egne ressursar både administrativt og politisk på å ta i mot alle private og offentlege interessentar for Utsira Nord. Me har følgd opp og bidradd til mange forundersøkingar, særleg med folk og fugl som fokus. Tidsbruk samla er 2 årsverk pr år berre for kommunen. Med andre krevjande kommunale lovpålagde oppgåver innan helse, omsorg og skule, greier me ikkje å halde oppe dette trykket på omstilling, og ikkje minst arealavklaringar for lokale og nasjonale prosessar knytt til Utsira Nord.

Etterslep på planverk

Me har allereie stor opphoping av uferdige planar etter plan og bygningslova og etterslep på mange kommunale planar / grunnlagsdokument

- *kommuneROS*
- *Planstrategi*
- *Revisjon samfunnsdel*
- *Revisjon arealdel*
- *Områdeplan tettstad Sør (millonbeløp til arkeologiske undersøkingar stansar opp arbeidet)*
- *Naturmangfaldsplan*
- *Oppdatering av sektorplaner for oppvekst, helse og omsorg*

I tillegg har me store private plan- og byggesaker som er krevjande i Nordvik og Kvalvikvågen. Begge er svært viktige for å legge til rette for næringsutvikling, arbeidsplassar og folkevekst - og ei god framtid for Utsirasamfunnet.

Bransjeorganisasjon etterlyser sterk kommune

Fornybar Norge og Åslaug Haga har nyleg i innspel til aktuelle departement på vegne av sine medlemmer, gitt uttrykk for at havvind-utbyggingarane treng ein oppegåande og "hands on" Utsira kommune for å lykkast best i utvikling av Utsira Nord. Utsira sin nærleik til Utsira Nord er viktig for flytande havvind sin suksess i Noreg og norsk rolle i utvikling av rein energiproduksjon til havs langs våre egne og andre kystar.

Ikkje avklart varig kompensasjonsmodell

Det er lenge til utbygging og ikkje klarlagt kva varig inntektsmodell blir for oss som vertskommune, men me har signalisert eit moderat kompensasjonskrav på minst 15 millionar 2022 kroner pr år til Utsirasamfunnet. I tillegg kjem akutte og framtidige finansieringsbehov knytt til kaiar og moloar. Dette er infrastruktur som treng eiga finansiering som ikkje kan løysast med det vi søker om her.

Utsira treng omstillingsmidlar raskt

For å skaffe kapasitet og kompetanse til oppdatering lokalt planarbeid, vidare vertskapsrolle og å ha tid og folk til å gje naudsynt kommunal informasjon og rettleiing inn i dei nasjonale energikonsesjonsprosessane, søker me om

5 millionar i årlege planlegging- og omstillingsmidlar

inntil Utsira kommune får inntekter direkte frå havvind-utbygginga frå den blå utmarka vår på nivå med vindkraft på land.

Historisk og geografisk samanheng


Utsira har historisk bidradd sterkt når Staten og omlandet har trengt hamner (sildefiske mm), navigeringsinstallasjonar, lostenester, radio og militære lyttepostar. Oftast har det vore ein vinn-vinn situasjon. Det kan det bli no og, men då treng me økonomisk overgangsstøtte. Utsira Nord bandlegg 61 % av samla areal i kommunen vår. 52 % av Utsira Nord-feltet ligg innafor våre kommunegrenser.


Meir enn vakre ord

Me har hatt mykje besøk siste åra og fått mange fine ord, men ikkje noko handfast og sikkert som tryggjer framtida vår. Det er hit «alle» reiser som drøymmer om og arbeider for volum i rein energi gjennom havvind. Statsrådar, interesseorganisasjonar for både industri og miljøvern, internasjonale konsortium og nasjonal leverandørindustri, internasjonale forskarar og studentar deler alle våre framtidsscenarier for verda og øya. No treng me økonomisk støtte av storsamfunnet for å kunne spele godt vår rolle i ein omstillingsfase til beste for framtidige innbyggjarar, Haugalandet og den større regionen og landet.

Me takkar for dialogen om dette så langt, og ser fram til å høyre frå dykk !

Venleg helsing


Marte Eide Klovning
Ordfører


Tove Grimsby
Varaordfører